

Eigen tone.

Eit vemodigt attersyn.

Eg vann ikkje stort, men kom mykje til kort
for eg drøymde meg bort i min ungdom.

Eg styrde kje beint, difor vart det so meint,
og no er det forseint ser eg stundom.

At min sjølvlagda livsplan må verta fordømt,
ser eg, andsynes alt det eg heve forsømt.

Eg vert sorgfull og sår, når dei tankane rår,
at eit menneskje får det det sådde.

Men eg såg ikkje straks ~~at~~ det ugras som vaks
- og som kjøvde allt aks - grunnen rådde.

Det eg tankelaust strøydde, med handi so raust
vart som klunger og tistel, til beiskaste haust.

Sei

Alle høve eg fekk, reint til spille dei gjekk,
for eg kasta dei vekk i min ungdom.

På verdi sitt torg tok eg livet på borg,
til Vårherre sin sorg, og til tung dom.

Alle ubrukte livshøve skrämer meg no.

Og dei missbrukte evnone klagar meg so.

Johs.M.L.Rydland.